HØGSKULEN I VOLDA

Forskingsdagane 2005

23. september – 2. oktober

Kva skjer under Forskingsdagane 2005 i Volda?

Matkultur for små og store på Haualeitet

TID: SØNDAG 25/9 KL. 13.00–16.00

STAD: VOLDA BYGDETUN

Det har blitt ein tradisjon at studentar frå studiet "Mat, kultur og konservering" byd på matkulturelle opplevingar under Forskingsdagane i Volda. Born og vaksne vil få høve til å lære å lage og smake ulike matrettar knytt til årstida vi er inne i.
I tillegg vil det bli foredrag om mat/kultur.
Det vert sal av kaffi, brus og vaflar.

Mat, kultur og konservering er eit tverrfagleg studium, og er retta mot dei som er interessert i matkultur, mattradisjonar og konservering, og som ynskjer praktisk og teoretisk kunnskap i emnet.
Viktige tema er mat i eit historisk og kulturelt perspektiv, konservering av mat, og mattradisjonar.

Emne som vert tekne opp er mellom anna:
- Konservering av frukt, bær og grønsaker
- Kjøt og fisk, bruk og konservering
- Korn, mjøl og bakst
- Ost og mjølk
- Mat og religion
- Førhistorisk matlaging
- Mat, kropp og kultur
- Mat frå andre kulturar

1905 med Volda-fokus

TID: MÅNDAG 26/9 KL. 13.30
STAD: HØGSKULEN I VOLDA,
BERTE KANUTTE-HUSET, STORE AUDITORIUM

1905 med Volda-fokus

Om unionssprenginga og striden om statsforma

Foredrag ved Oddbjørn Melle, førsteamanuensis i historie.

Kvifor var det fleire republikanarar i Volda enn elles på Sunnmøre - og korleis argumenterte dette mindretalet? Nokre av dei lokale stridsmennene ein møter i føredraget er Anders Vassbotn, prost Johannes Barstad og sjølvsagt redaktøren av Møre, Maurits R. Aarflot. Dessutan var nasjonalhelten Nansen innom Volda på propagandatokt for Michelsen og kongedømmet. Og frå Stortingets talarstol ytra representanten Aklestad frå Hjørundfjord seg i klåre ordelag om saka.

Arrangementet er i samarbeid med Eldreuniversitetet i Volda.

Eit resultat av prosjektet er boka *Lokale røyster i 1905. Unionsoppløysinga i aviser på Nord-Vestlandet*, som kom ut i mai i år. Redaktørar er Kari A. Hasle, Jens Johan Hyvik og Harald E. Tafjord.
Forfattarane er ei god blanding av yngre og etablerte forfattarar, som kjem frå ulike fagmiljø i regionen og har bakgrunn frå historie og mediefag.

Les meir på www.hivolda.no/1905

Den 7. juni 2005 var det hundre år sidan unionen med Sverige gjekk i oppløysing. Innan historiefaget har merksemda tradisjonelt vore retta mot dei politiske hendingane, men i mindre grad mot korleis året 1905 blei formidla og oppfatta i lokalsamfunna kring om i landet.
Historisk institutt ved Høgskulen i Volda har markert unionsoppløysinga gjennom fleire arrangement i 2005. I botnen for desse arrangementa ligg eit regionalt prosjekt som undersøker korleis hendingane i 1905 vart tolka og framstilt utanfor dei sentrale riksmedia.

Møreforskingsdagen:

Seks forskarar fortel

TORSDAG 29/9 KL. 12.15-14.00 - BK VESLE AUD.

Program
Finn Ove Båtevik: Blir Møringen borte?
Lars J. Halvorsen: Når Arne blir A.
Else Ragni Yttredal: Med naturen som arbeidsplass.
Johann Roppen: Regionalt mediemangfald?
Randi Bergem: Kvifor statleg stønad til samlivstiltak?
Per Stangeland: Bombeattentat i storbyer.

Torsdag vil forskarar ved Møreforsking Volda gje innblikk i aktuelle forskingsprosjekt.
Gjennom seks korte foredrag kjem mangfaldet i forskingsmiljøet i Volda til syne.

I samband med Internasjonal dag held ein annan møreforskar, Paul Mitchell-Banks, foredraget *Grizzlies, Indians, Hunters, Wilderness, Oil and Gas - a very hot mix* (23.9 kl 11.00-11.30 i BK vesle aud.)

TID: MÅNDAG 26/9 KL. 18.00

STAD: HØGSKULEN I VOLDA,

HENRIK KAARSTAD-HUSET 204 (GAMLE FESTSAL)

Småskulen sett frå klasserommet
- Erfaringar frå eit forskingsprosjekt

- Opning ved Odd Ragnar Hunnes, prodekan Avdeling for lærarutdanning.
- Innleiing ved prosjektleiar Peder Haug, professor i pedagogikk.
- "Så dem ut sånn som meg også?" Begynneropplæring når norsk er andrespråk ved Randi Myklebust, høgskulelektor i pedagogikk.

Pause med kaffi/te og frukt

- Matematikkfaget i begynnaropplæringa ved Leif-Bjørn Skorpen, høgskulelektor i matematikk.
- Den første lese- og skriveopplæringa og tilpassa undervisning ved Jorunn Aske, høgskulelektor i norsk.

Diskusjon

Småskulen sett frå klasserommet

Kva skjer i begynnaropplæringa i skulen? Korleis vert prinsippet om tilpassa undervisning praktisert? Med klasserommet som arena har ei gruppe på seks forskarar frå Høgskulen i Volda granska slike spørsmål.
Forskingsprosjektet *Begynnaropplæring og tilpassa undervisning* er finansiert av Noregs forskingsråd, vart sett i gang hausten 2002 og avslutta våren 2005. Hovudinteressa i prosjektet har vore å studere verksemda i klasserommet, primært fordi det er stor mangel på kunnskap om det som går føre seg nettopp her, ikkje minst i begynnaropplæringa. Ved sidan av å fokusere på begynnaropplæringa generelt, har ein gått spesielt inn på faga norsk, matematikk og engelsk, på bruken av og funksjonen til leik og gitt elevar frå språklege minoritetar spesiell merksemd.

Eitt av hovudresultata i prosjektet er at variasjonsbreidda i det som skjer i klasserommet er stor, langt større enn ein på førehand skulle tru.

På seminaret vil dette og andre funn frå forskingsprosjektet bli presentert og utdjupa.



TID: ONSDAG 28/9 KL. 10.00

STAD: HØGSKULEN I VOLDA,

BERTE KANUTTE-HUSET, VESLE AUDITORIUM

Program

- Introduksjon ved Gunnar Stave, rektor HVO
- Planlegging som handling ved Roar Amdam, professor Institutt for planlegging og administrasjon, HVO.
- Visjonar som grunnlag for handling ved Ulla Higdem, stipendiat Høgskolen i Lillehammer.
- Lunsj
- Folkehelsearbeid som plan- og utviklingsarbeid ved Svein Neerland, folkehelsekoordinator i Møre og Romsdal fylke.
- Ny planlov – ny praksis? Lovverket som grunnlag for handling ved Asle Moltumyr, rådgjevar i Miljøvern-departementet.
- Samfunnet i skogen - kan samfunnsplanlegging bidra til berekraftig skogforvaltning? ved Johan Barstad, forskar Møreforsking Volda.
- Oppsummering og samtale med Jørgen Amdam som innleiar og ordstyrar

Programleiar:
Johan Barstad, Møreforsking Volda

Eit møte mellom teori og praksis

Plandag ved Høgskulen i Volda

Jørgen Amdam er professor i samfunnsplanlegging ved Høgskulen i Volda.

Gjennom mange år har han spela ei leiande rolle innan samfunnsplanlegging og –utvikling som formidlar, forelesar og forskar. I vår fylte han 60 år, og samtidig kom professorkollega og bror Roar Amdam ut med ny bok: *Planlegging som handling*, tileigna Jørgen.

Desse to hendingane dannar utgangspunktet for dette seminaret, der nettopp spørsmålet om korleis samfunnsplanlegginga kan danne grunnlag for praktisk handling, vil stå i fokus.

Innleiarane har omfattande erfaring frå forsking, undervisning, planlegging og samfunnsutvikling på ulike nivå.

Seminaret vil vere ein møtestad for planleggarar, leiarar, studentar og forskarar

Påmelding til seminaret:
www.hivolda.no/forskingsdagane

Frist: 23. september

Program

Matkultur for små og store på Haualeitet
Tid: Søndag 25.9 kl. 13.00–16.00
Stad: Volda bygdetun

1905 med Volda-fokus
Foredrag ved Oddbjørn Melle.
Tid: Måndag 26.9 kl. 13.30
Stad: Høgskulen i Volda, Berte Kanutte-huset, store auditorium

Småskulen sett frå klasserommet
Med Peder Haug, Jorunn Aske, Randi Myklebust og Leif Bjørn Skorpen.
Tid: Måndag 26.9 kl. 18.00
Stad: Høgskulen i Volda, Henrik Kaarstad-huset 204 (Gamle festsal)

Plandag:
Eit møte mellom teori og praksis
Tid: Onsdag 28.9 kl. 10.00
Stad: Høgskulen i Volda, Berte Kanutte-huset, vesle auditorium

Møreforskingsdagen: Seks forskarar fortel
Tid: Torsdag 29.9 kl. 12.15
Stad: Høgskulen i Volda, Berte Kanutte-huset, vesle auditorium



Bokutstilling
Tid: Fredag 23.9 - fredag 30.9. Kl. 08.00 - 20.00 (fred. 17.00)
Stad: Høgskulen i Volda, Berte Kanutte-huset, Biblioteket.

Velkomen til Forskingsdagane 2005

Kva driv dei med desse forskarane? Gjer dei noko nyttig? Det er mange oppfatningar om kva forskarar gjer og kor nyttig forsking er. Forskingsdagane har som mål å informere, gjere synleg og skape interesse for forsking.

Ved Høgskulen og Møreforsking inviterer vi til eit møte med denne sida av verksemda vår. Gjennom førelesingar, seminar og utstillingar vil vi presentere smakebitar av det faglege arbeidet som blir utført her. Emna spenner vidt, og du vil sikkert finne noko som fangar di interesse. Derfor seier vi hjarteleg velkomen til Forskingsdagane 2005.

Gunnar Stave
rektor

Arrangementa er gratis og opne for alle. Plandagen onsdag har påmelding.

Forskingsdagane
www.hivolda.no/forskingsdagane

HØGSKULEN I VOLDA
Boks 500
6101 Volda
Tlf: 70 07 50 00
Faks: 70 07 50 51

REDAKSJON:
rektor
GUNNAR STAVE

fou-leiar
REIDUN HØYDAL

fou-konsulent
BENTE GUNN LIEN

informasjonskonsulent
KRISTIAN FUGLSETH

informasjonskonsulent
TORILL ENGESETH

Design/sats: kfuo5
Egset Trykk